

Representantskapsmøte

Kommunearkivordninga i Vestland KO

Digitalt møte, fredag 25. april 2025 kl. 10.00-12.00

Sak 1: Oppstart, godkjenning av representantar

Sak 2: Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner innkalling og saksliste

Sak 3: Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under protokollen

Forslag til vedtak: Representantskapet vel Gunn Åmdal Mongstad som møteleiar, Sigrun Espe frå administrasjonen som referent og to personar til å signere protokollen.

Sak 4: Rekneskap for 2024 og disponering av resultat

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner rekneskap for 2024. Driftsunderskotet på kr. 93 409 vert dekket av driftsfondet til KAV.

Saksframlegg:

Samandrag

Rekneskapen for 2024 viser at Kommunearkivordninga i Vestland har ein relativt enkel og føreseieleg økonomi. I 2024 går vi med eit driftsunderskot, men grunnen til dette er isolert til eit bestemt område, og ein situasjon som var unik for 2024. Det negative driftsresultatet for 2024 er på kr. 93 409.

Utfyllande informasjon om inntekter

Inntektskjeldene våre er i all hovudsak eigartilskot og depotleige frå kommunane som er med i oppgåvefellesskapet. I samband med budsjettprosess i 2023 vart det fatta vedtak om å auke eigartilskot og depotleige for 2024 med 6 % for å kompensere for auke i løns- og prisveksten over fleire år.

Det er 19 medlemmer i oppgåvefellesskapet, og eitt av medlemmene fungerer som vertskap for ordninga. Dette er Vestland fylkeskommune. I samband med dette har vi ein eigen avtale som regulerer dei ikkje-økonomiske tenestene som fylkeskommunen bidreg med mot fråtrekk i kontingenten. I 2024 utgjorde verdien av dei ikkje-økonomiske tenestene i overkant av kr. 1,78 mill.

«Inntekter prosjekt» er innbetaling frå kommunar for nye, avslutta eller pågåande digitaliserings- eller ordningsoppdrag. Kommunane betaler vanlegvis 40% når vi signerer avtalen, 30% når prosjektet startar opp og 30% når prosjektet er fullført. For store prosjekt

som går over fleire år vil desse innbetalingane ikkje nødvendigvis kome same år som vi har utgifter til det konkrete prosjektet. Alle desse midlane vert difor samla opp kvart år og sett på prosjektfond. Kvart år gjer vi ei justering og fører pengar inn eller ut av prosjektfond, avhengig av behov.

Desse midlane går i sin heilskap til å dekke kostnader, i all hovudsak lønskostander, til ordnings- og digitaliseringsprosjekt som vi har eigne avtalar på. Vi har for tida fem fast tilsette som vert løna av prosjektmidlar. Totale prosjektinntekter frå kommunane var i 2024 kr. 3 566 346.

I tillegg til digitaliserings- og ordningsprosjekta har vi til tider andre prosjekt med ekstern finansiering, og eitt av desse er Skulen min-prosjektet. Vi har fått midlar frå mellom anna Arkivverket i fleire periodar, og hadde i 2023 restmidlar på kr. 208 612. Desse inntektsførte vi i sin heilskap i 2024 for å synleggjere prosjektet.

I tillegg til Skulen min-midlane inntektsførte vi også kr. 75 526 frå driftsfondet for å kompensere for arbeidstid. Total inntektsførte vi kr. 284 138 i 2024.

Den siste linja under inntekter er sal av varer og tenester, og her finn vi betaling frå kommunar for arrangement og kurs gjennom året, spesielt konferansen vår i mai.

Utfyllande informasjon om utgifter

Dei store utgiftspostane i 2024 er, som vanleg, løn og sosiale kostnader til fast tilsette. Vi hadde ingen mellombels tilsette i 2024. Vi hadde budsjettert med å tilsette ein person i mellombels stilling frå medio 2024, men prosessen var forseinka og denne personen starta ikkje før i 2025.

Driftsutgiftene er på nesten kr. 1,34 mill i 2024, noko som er ein del høgare enn budsjettert. Det er fleire grunnar til dette, mellom anna at vi ikkje har budsjettert med mva og mva-kompensasjon, og at vi ikkje har budsjettert med å legge ut for og fakturere kommunane for deltaking på arrangement. I tillegg har vi det avviket som gjer at vi går med eit driftsunderskot på kr 93 409, og det er ei auke i utgifter til lisensar og kontingentar på nesten 100 000 kr grunna overgang til og oppsett av nytt fagsystem og ei høgare auke i kontingenten til KDRS enn budsjettert.

Kostnader knytt til digitalisering og ordning er bakt inn i driftskostnadene, men vi held styr på kva rekvisitakostnader som vert fakturert på prosjekta, og trekk frå denne summen når vi reknar ut overskot på prosjekt. I 2024 var denne summen på kr. 29 865.

Avsetjing til prosjektfond er på kr. 695 624, og av dette er kr. 34 135 øyremarka Skulen min-prosjektet. Totale prosjektinntekter frå kommunane var kr. 3 566 346. Fondsmidlar frå 2023 på Skulen min-prosjektet var på kr. 208 612. Inntektsføring frå driftsfond til prosjekt for å dekke bruk av arbeidstid var på kr. 75 526. Utgiftene til prosjekt var lønskostnader på kr. 3 124 995 og rekvisitakostnader på kr. 29 865.

Vedlegg: Årsrekneskap 2024

Sak 5: Årsrapport for 2024

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner Årsrapport for 2024.

Saksframlegg:

I årsrapporten for 2024 rapporterer KAV på satsingsområda frå årsplanen for 2024. I tillegg til dette finn ein rekneskapen for 2024 med notar, fakta om organisasjonen og om styring og kontroll av verksemda. Rapporten dekkjer dei viktigaste områda
Kommunearkivordninga i Vestland arbeider med: Basistenestene våre som er rådgjeving, depot og innsyn, formidling og arrangement, og ekstrasitenestene som er digitalisering og ordning.

KAV leverer på det vi skal levere på, og jobbar kontinuerleg for å dekke kommunane sine behov. Lesesalen vår vart gjenopna i nyrenovert fylkeshus, og det har vore kjekt å kunne ta imot lesesalsgjester igjen. Det har vore spesielt mykje fokus på nytt arkivbygg og deponering av papirarkiv gjennom heile 2024. Vi har også jobba mykje å få på plass ei innsynsløysing for elarkiv, noko som vert rulla ut i 2025. Vi får gode tilbakemeldingar frå brukarane, både i kommunane og publikum som får hjelp til å finne fram i dei historiske arkiva.

Vi auka grunnbemanninga vår med ein person i 2024, og får inn ei ny mellombels stilling i to år frå januar 2025. Vi avventar vidare oppbemanning til vi ser kva behova våre blir.

Vedlegg: Årsrapport for 2024

Sak 6: Val av styre

Forslag til vedtak: Representantskapet støttar valnemnda si innstilling til styre i KAV.

Saksframlegg:

Valnemnda si innstilling vert presentert. I tilfelle overgang til vertskommunesamarbeid vil vi sjå på om dei valde styremedlemmane kan gå inn i ei anna rolle, som til dømes vere med i ei styringsgruppe. Dette vil vi kome attende til.

Vedlegg: Innstilling frå valnemnda

Sak 7: Val av valnemnd

Forslag til vedtak: Representantskapet vel xx som medlem i valnemnda til KAV frå 2025 til 2027.

Saksframlegg:

Espen Sæterbø frå administrasjonen i KAV og Marit Kvalen frå Luster kommune har begge ein valperiode som går til 2026. Styret skal finne ein ny person til valnemnda for perioden 2025-2027.

I tilfelle overgang til vertskommunesamarbeid vil vi sjå på om dei valde styremedlemmane kan gå inn i ei anna rolle, som til dømes vere med i ei styringsgruppe. Dette vil vi kome attende til.

Sak 8: Val av revisor

Forslag til vedtak: Representantskapet vel Deloitte som revisor for 2025.

Saksframlegg:

Kommunearkivordninga i Vestland har i fleire år vorte revidert av Deloitte, det same revisjonsselskapet som Vestland fylkeskommune nyttar. Det er fylkeskommunen som er vertskap for Kommunearkivordninga, og styret foreslår å halde fram med Deloitte.

Sak 9: Dagleg leiar i Kommunearkivordninga i Vestland

Forslag til vedtak: Representantskapet vel Sigrun Espe som dagleg leiar i 50% stilling. Som dagleg leiar er Espe direkte underordna styret og skal følgje dei retningslinjene og pålegga som styret gir.

Saksframlegg:

Denne saka vart utsett frå representantskapsmøtet 11. november 2024. Etter dette har Kommunearkivordninga i Vestland revidert samarbeidsavtalen med Vestland fylkeskommune. Endringar i denne ligg til grunn når representantskapet no skal velje ein ny person til å dekke rolla som dagleg leiar for oppgåvefellesskapet.

Kommunearkivordninga er eit kommunalt oppgåvefellesskap for 18 kommunar frå tidlegare Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen er medlem, men også vertskap for oppgåvefellesskapet. Denne vertskapsrolla er regulert gjennom ein samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og KAV. Verdien av tenestene KAV får gjennom at fylkeskommunen er vertskap, går til fråtrekk i medlemskontingenten. Fylkeskommunen subsidierer ikkje oppgåvefellesskapet økonomisk. Det er mange positive konsekvensar av det tette samarbeidet, som til dømes eit sterkare fagmiljø, kompetansedeling på tvers av fag- og ansvarsområde, samarbeid om prosjekt og satsingar, stordriftsfordelar med meir.

Samarbeidsavtalen mellom KAV og VLFK er revidert våren 2025, i tråd med vedtakspunkt to i *PS 54/2023 Framtidig arkivorganisering i Vestland frå 13. juni 2023*, og oppfølginga av denne. I den tidlegare avtalen stod det at Fylkesarkivar (no seksjonsleiar for seksjon arkiv) skulle fungere som dagleg leiar i KAV i 50% stilling.

I ny avtale er denne formuleringa fjerna, og seksjonssjefen si halve stilling er ikkje lenger del av bidraget frå VLFK inn i oppgåvefellesskapet. Denne teksten har i staden kome inn:

3. a) Det at KAV disponerer inntil 14 årsverk ved seksjon arkiv i KFO har ingen direkte økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. VLFK har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, men løn og sosiale kostnader til alle stillingane vert finansiert direkte over KAV sitt budsjett, på lik linje med driftskostnader. Ei av desse stillingane kan ved behov stillast til rådvelde som dagleg leiar for oppgåvefellesskapet.

Sak 10: Orientering: Status nytt arkivbygg

Administrasjonen orienterer i møtet.